

MELDING
om
FISKEBIOLOGISKE GRANSKINGAR
I
ROGALAND
1971

Navnet på vatnet Kyllesvatnet
Kommune Sandnes

Feltarbeidet, vidare arbeid med materialet
og skriving av meldinga er utført av Roga-
land Skogselskap v/ E. Berg, etter retnings-
liner og i nært samarbeid med Konsulenten
for ferskvannsfiske i Vest-Norge, herr
Øyvind Vasshaug.

K Y L L E S V A T N E T

Fiskeanalysen vart foreteken den 19.aug. 1971.

Vatnet ligg i Sandnes kommune, med Lutsivatnet i nord og gardsgrenda Kylles i vest, og vidare Foss-Vatne i sør.

Arealet er omlag 150 ha. og h.o.h. 27 m.

Djupna på vatnet er ikkje målt, men då vatnet er såpass stort vil djupnetilhøva vera vekslande. Her er store, grunnlendte vikar og partier langs land, men sikkert og ganske djupt på sine stader utpå.

Stranda består for ein del av stein, dyrka mark og sandstrand på sine stader.

Bortsett frå ein del stein og grusbotn ymse stader, så er det gjørmebotn som dominerer på djupet.

Vegetasjon og nedslagsfelt.

Nøkkerose, flotgras, brasmegras, tjønnaks m.fl. og ein stor algevokster, er vegetasjon ein vil finna i vatnet.

Nedslagsfeltet består mykje av dyrka mark og kulturbeiter, men her er og kultur - og naturskog, myr og snaumark.

Hovudtilsiget fell inn i sør "Svilandselva" og vidare har vi tilsiget frå Nordlandstjørna. Elles fell der inn fleire mindre bekketilsig ymse stader.

Avlaupet renn ut i nord til Lutsivatnet og Imsvassdraget.

Dei kjemiske tilhøva.

Siktedjupet er 5.0 m og vassfargen brunleg-gul. Dette indikerar eit humuspåverka vatn(myr).

Surheita pH er målt til 7.2 (alkalisk vatn) og som er heilt ideelt for aure.

Innhaldet av kalk(CaO) er 3.5 mg/l og den totale hardheita 7.2 mg/l. Dette er mykje godt i høve til mange andre analyserte vatn.

$$\text{Leiingsemna } K_{18} = 28.6 \times 10^{-6} \text{ ohm}^{-1} \text{ cm}^{-1}.$$

Gjennomstrøyminga er normalt liten.

Faunaen i vatnet.

Det vart teke botnprøver på 2.0, 5.0 og 10.0 m djup og ein kom til fylgjande resultat:

På 2,0 m vart det funne 34 sneglar, 70 fjærmygglarver, 10 muslingar, 1 vårflugelarve, 2 fåbørstemark, 2 iglar og 3 rundorm i alt 1 220 individ pr. m^2 .

5,0 meteren gav som resultat 22 fjærmygglarver, 4 ringorm, 2 vannmidd, 2 iglar, 1 skivesnegle og 3 muslingar - tilsaman 340 individ pr. m^2 .

På 10,0 m vart det funne 14 fjærmygglarver, 4 muslingar og 1 igle - i alt 190 individ pr. m^2 .

Samla resultat syner at der er relativt rikt med botndyr i vatnet og langt over det ein til vanleg har funne i andre analyserte vatn.


Det vart teke mageprøve av 1 fisk og her vart det funne fjærmygglarver og pupper og vårfuglarver.

Fisk m.v.


Fylgjande fiskeslag vil ein finna i vatnet:

Aure, røyr, sik, stingsild og ål.

Det vart sett ut ein del garn av ymse maskestorleik og resultatet etter 1 fangstnatt vart 35 aurar og 9 sik. Fordeler vi fangsten på omfara, vil ei grafisk framsyning sjå slik ut.



Tek vi for oss auren og fordeler denne på cm-klassar får vi denne grafiske framsyninga.



Det vart teke prøver av 26 aurar og av desse var 7 røde, 16 lys-røde og 3 kvite i kjøttet.

Vidare var der 12 hanfiskar og 14 hofiskar - ei normal kjønnsfordeling.

2 av fiskane var svakt angripne av parasittar.

Medel fyllingsgrad 2.3.


Ser vi på medellengda og den årlege lengdetilveksten for prøvefisken vil dette gå fram av oppstillinga nedanfor.

| | Alder ved vinter | | | | |
|---------------------------|------------------|------|------|------|------|
| | 1år | 2år | 3år | 4år | 5år |
| Medellengde i cm | 5.6 | 12.0 | 17.8 | 22.8 | 26.1 |
| Årleg lengdetilvekst i cm | 5.6 | 6.4 | 5.8 | 5.0 | 3.3 |
| Antall fiskar | 26 | 26 | 25 | 25 | 7 |

Medel kondisjonsfaktor = 1.08 tilseier fisk av mykje god kvalitet.

På neste side har vi sett opp ein vekstkurve for fisken i

Kyllesvatnet og samanlikna med normalkurven for Vestlandet
(5 cm pr. år).



Som vi her vil sjå, syner fisken i Kyllesvatnet ein mykje god lengdetilvekst og ligg like frå første år av over normal-kurven.

Fisken går mot ei maksimall lengd på ca 30 cm. Ein del større fiskar vil der sikkert finnast, men det er neppe særleg mange av desse.

Nokon vekststagnasjon i samband med kjønnsmogning og gyting gjer seg ikkje gjeldande. Av fiskekjemaet går det fram at 38 % av prøvefiskane hadde gytt tidlegare - 62 % hadde ikkje gytt tidlegare og ville heller ikkje ha kome til å gyta i år.

Konklusjon.

Ut frå dei foretekne prøvene kan vi slå fast, at Kyllesvatnet er eit næringsrikt fiskevatn og der tilhøva ligg vel tilrette for fiskeproduksjon.

Botnprøvene våre var relativt rike og der mange arter av næringsdyr var å finna. Vasskvaliteten ser og ut til å vera god.

Omfarfordelinga, saman med cm-klasseinndelinga, syner ei bra fordeling der mange årgangar og fiskestorleikar er representert.

Vekstkurven er også mykje god og kondisjonsfaktoren tilseier fin fisk.

Når tilhøva er så gode i Kyllesvatnet er det fleire ting som har forårsaka dette.

Vi veit at nedslagsfeltet spelar ei avgjerande rolle når det gjeld næringstilgang og fylgjeleg fiskeproduksjon i eit vatn. Består dette av mykje kultivert mark, vil tilsiga herfrå alltid føre verfulle næringstoff med seg og som vil koma vatnet til gode. Dette gir seg då utslag i ein frodig vegetasjon i og omkring vatnet, og gir gode vilkår for alger og anna plankton som er sjølv næringssgrunnlaget i eit vatn.

Ein stor del av nedslagsfeltet for Kyllesvatnet består av dyrka mark, kulturbeiter m.v. og tilsiga herfrå fører då til ein rik fauna og vi får eit høgproduktivt vatn.

Fåren med slike vøtn, er at ein del kan bli overgjødsla og forurenza, og surstoffsvikt i dei djupare vasslagene kan føre til fiskedød. Nå er der sikkert ennå ingen fåre med Kyllesvatnet i så måte, men når gjennomstrøyminga er heller liten, må vi vera merksam på tilhøva.

Den årlige utfiskinga som har vorte foreteken, har og drege i positiv lei og gjort sitt til at fiskekvaliteten er så bra.

Siken vi fekk var og av mykje god kvalitet, men røyra fekk vi ikkje i det heile teke. Det var heller ikkje så rart, då røyra stort sett held til i dei djupare vasslagene, og søkjer berre dei grunnare områder ved gytetider om hausten. Det er helst på hard botn (stein og ur) at røyra gyt.

Gytetilhøva for auren ser ut til å vera gode, så rekrutteringa skulle vera sikra.

Praktiske tiltak.

Det første som må gjerast er å skipe til eit grunneigarlag, då eit lag alltid vil stå sterkare enn den einskilte grunneigaren om

eit eller anna står på.

Når grunneigarlaget er etablert, må ein strakst gå i gang med sal av fiskekort for stangfiske. Vatnet eignar seg ypperleg i så måte og det er sikkert ikkje få som vil ta turen til Kyllesvatnet for å prøve fiskelukka. På denne måten skulle grunneigarlaget strakst kunna få innkomer og så kan grunneigarane sjølv drive garnfiske.

Ein båt eller to for utleige burde grunneigarlaget hatt.

Så er det mykje viktig, at ein gjer sitt beste for å unngå at forurensande stoff kjem ut i vatnet eller tilsigsbekkene. Sjølv om Kyllesvatnet er eit etter måten stort vatn, er der likevel ei grense for kva det kan absorbere, så kvar einskilt grunneigar må i god tid gå inn for å minske dei event. forureningskjeldene som måtte finnast.

Når det gjeld auren, kan det sjå ut som om det i dag er bra samsvar mellom næringsforråd og fiskebestand. Det er likevel grunn til å tru, at vatnet ville tåle eit litt større aurebestand, utan at dette ville gå utover kvaliteten.

Fisket etter røyrr og sik må halde fram som før og muligens intensiverast. Ein kan mest seie, at det snaut nok kan drivast eit for hardt fiske etter desse fiskesлага. Stillinga er nemlig ofte den, at når der er røyrr og siken i eit vatn kor der også er aure, så har røyra og siken lett for å bli dominerande og auren går gradvis tilbake. Dette vil grunneigarane vera lite tjent med, då auren gjerna blir rekna for å vera ein meir verdfull fisk. Vi vil difor her tilrå, at der blir fiska hardt etter røyra og siken på gyteplassane om hausten, då dette også vil gjera sitt til å fremja aurebestandet.

Då der er stingsild i vatnet, må ein gjera sitt beste for å halde måken borte. Stingsilda er mellomvert for måkemarken, og det er måkar som har fast tilhald ved vatnet som er farlege. Ingen av fiskane vi fekk var angripne av måkemark, så det ser ut til å ha gått bra til denne tid. Stingsilda er ein ypperleg matfisk for auren.

Ålen er ein godt betalt matfisk, så denne må ein prøve å nyttig-gjera seg. Det er om hausten, helst under flaumar og mørk måne, at utgangsålen forlet vatnet.

Til slutt vil vi berre nemna, at Kyllesvatnet er eit av dei betre fiskevatna i fylket, og der avkasninga pr. ha. vil vera stor. Då der er fleire fiskeslag i vatnet, og som ernærer seg på ymse vis, vil næringsforrådet bli godt utnytta.

Underskrivne vil vera hjelpesam så langt råd er, med å setje dei tiltaka som her er peika på ut i livet.

Stavanger 25/4 - 1972

Einar Berg